

# *Nissane på låven*

*Julefest på Ulla 1943*

*(Nissane kjem inn, kallen først, og kjerringa etter)*

*Nissen:*

Nei, men her er ikkje kome noko til oss i år heller. Eg trur mest det vert siste året eg kjem her for å finne noko på låven.

*Kjerringa:*

Nei, far min, tida skiftar. Å kor eg lengtar etter gode gamle dagar, då folk hadde litt til overs til ein stakkars nissekropp på julaftan.

*Nissen 1:*

Ja, hugsar du gamletida  
då alt var gildt og godt.  
Då nissane slapp å lida  
den iskalde jolenatt.  
Då var det sul på låven  
og lefse og havrebraud  
og nissen som mannen i koven  
han slapp å lida naud.

*Kjerringa 2:*

Ja, då kunde folk seg samle  
til veitsle og jolelag,  
møttest unge og gamle  
til trettande joledag.  
Då var det fest i husa  
og hugnadleg jolelag, -  
når husbonden fyllte krusa  
med drykk av beste slag.

*Nissen 3:*

Ja, då var det mod i mugen  
då galdt det å vera kar!  
Men den som viste seg drukken,  
vart halden for spott og narr.  
Nåde den arme kroken  
som drakk seg tumsen og ør,  
vart teken i buksebaken  
Og nådelaust slengd på dør.

*Kjerringa 4:*

Det var noko slabb med ølet  
som støtt skulde setjast fram.  
Alltid det same sølet  
og nokon som vart til skam,  
som ikkje si tunge temde  
men rølte om tøv og tull,  
seg sjølv og ætta skjemde  
avdi han var ør og full.

*Nissen 5:*

Lell var det glede og gaman,  
når grannane møttest her,  
når dei alle kom saman  
til fest i dei trange krær.  
No har dei salar store  
og ljøs som er bjart som sol,  
einsleg dei sit ved bordet,  
og lite veit av det er jol.

*Kjerringa 6:*

Ja, no murar folk seg inne  
Kvar i si eiga krå.  
Om det er helg eller vinne  
er liten skilnad på.  
Sit i si ljose stove  
og varmar sin gisne skrott,  
ete seg mett og sove,  
og tykkjer dei har det godt.

*Nissen 7:*

Eg hugsar det gilde tunet  
og folket som budde her.  
Hugsar den underleg lune  
stemning i alle krær.  
Når sellane vel seg budde  
til utror når skip trong los,  
aldri eg veit dei grudde  
mot havet å setja kos.

*Kjerringa 8:*

Ja, då var husa fulle,  
med gogner i alle rom.  
Vegen som vyrdslast skulde  
til fiskjetida kom.  
Klæde og garn og sokkar  
og høvel og øks og sag,  
vevstolar, ull og rokkar.  
Kva finn du av det i dag?

*Nissen 9:*

Nei, no er det berre stasen  
det spørst om i kvart eit hus,  
kven som kan vera basen  
med møblar og all luksus.  
Berre med kjøpte klede  
dei sit i si stove logn.  
Ein mann som vil la seg hæde  
kan møte i heimgjord gogn.

*Begge to:*

Nei, lat oss berre tegja  
med all vår møde og sut.  
Lell var det gildt å få segja  
si meining beintfram ut.  
No dreg me oss stillt attende  
til den einsame, myrke natt.  
Men lagar det seg, kanhende  
me ein gong koma att.

*Tekst: Johan Bernt Ulla*